

DEN NORSKE KYRKJA Haram kyrkjelege fellestråd

Årsundvegen 11
6270 BRATTVÅG
Tlf: 70209370
Faks: 70209371

Kulturdepartementet

Brattvåg 14.03.2013
Vår sakshandsamar: JGdeP
Vår ref.: 13/00013-001
Arkivkode: 008

Høyringsuttale frå Haram kyrkjelege fellestråd

Haram kyrkjelege fellestråd har lese Tros- og livssynspolitisk utvals utgreiing «Det livssynsåpne samfunn» med stor interesse og vil nytte høvet til å kommentere kapitlet om gravferdsforvaltninga:

Kapittel 18- Gravferdsforvaltninga

I utgreiinga vert det gjort framlegg om å ta gravferdsforvaltninga bort frå fellestråda og overføre den til kommunane, utan at det i særleg grad vert opna for at ein lokalt skal kunne inngå tenesteytingsavtalar med fellestråda om dette. Dette er nemnt som alternativ 4, punkt 18.7 i rapporten. Vi meiner dette vil vere ei fordyrande, tungvin og dårleg løysing, som sannsynlegvis vil skape eit utall nye problemstillingar.

Faktisk så opplever vi at utvalet argumenterer svært godt *imot* si eiga innstilling. For det første lister utvalet opp ei heil rekkje med utval og utgreiingar som alle konkluderer med at gravferdsforvaltninga strengt tatt *burde* vere ei offentleg oppgåve. Likevel, er denne tilrådinga aldri vorte fulgt opp av nokon regjering. Ein treng ikkje vere professor for å skjønne at dette er på grunn av alle dei vanskelege spørsmåla knytt til overføring av denne oppgåva til det offentlege, og det faktum at gravferdsforvaltninga fungerer utmerket med dagens ordning.

For det andre, på side 218, vert det lista opp fleire gode argument for at fellestråda skal halde fram med å vere gravferdsmynde, utan at dette vert lagt særleg vekt på i den vidare utgreiinga. Vi skjønner poenget til utvalet med at «gravplassene er for alle» og at det ikkje er naturleg at eitt trussamfunn skal ta seg av ei offentleg teneste som skal gjelde for alle menneske i landet, uavhengig av tru- og livssyn. I utgreiinga er dette hovudargumentet (det einaste argumentet?) for å overføre gravferdsforvaltninga til kommunen. Hadde ein kunne starte frå «scratch», utan ei tusenårig gravferdshistorie, trur eg alle hadde vore samde i dette, og alle ville vore med på at dette burde vere ei offentleg oppgåve.

Men no er det ein gong slik at dei fleste gravplassar ligg tett opp til kyrkjer, og langt dei fleste gravferder skjer i regi av Den norske kyrkja. Norge har ei lang historie når det gjeld gravferdsforvaltning, som knyt gravferdsforvaltninga til Den norske kyrkja, og dette legg svært viktige premisser for spørsmålet om kven som skal ha ansvar for gravferdsforvaltninga. Det verkar som utvalet ikkje tek dette innover seg. Dei hevdar at det er «prinsipielle betenkeligheter» ved dagens ordning, utan å gjere nærmare greie for desse. Dei viser heller ikkje til korleis innstillinga deira heng saman med dei 8 prinsippa deira for ein heilskapleg trus- og livssynspolitikk. Hadde ein enno kunne vise til at Den norske kyrkja utfører denne oppgåva på ein diskriminerande måte overfor menneske frå andre trussamfunn, hadde ein i alle fall hatt eitt godt argument i saka. Men dette er slett ikkje tilfellet, slik det òg vert konstatert i utgreiinga. Innstillinga til utvalet verkar altså i det store og det heile å kvile på eitt einaste argument, som utvalet ikkje gjer vidare greie for.

Utvalet meiner det er diskriminerande mot menneske frå andre trussamfunn at eitt trussamfunn skal stå for ei offentleg oppgåve. Men viss ein skal vere konsekvent her, og ikkje diskriminere mot menneske frå andre trus- og livssynssamfunn, burde ein ikkje berre overføre gravferdsforvaltninga til kommunen, men flytte alle gravplassar vekk frå kyrkjene. Det er jo diskriminerande at ikkje-kristne skal måtte gravleggast i nærleiken til ei kyrkje. Men dette er jo sjølvsagt ikkje realistisk å gjere, og dette fører til spørsmålet: kvifor er det så

«prinsipielt» viktig for utvalet å overføre gravferdsforvaltninga til det offentlege, når ein framleis kjem til å ha hundrevis av gravplassar liggande tett opp til kyrkjene? Ein skulle jo tru at det må vere utruleg mykje viktigare, prinsipielt sett, kvar grava ligg enn kven som grev den?


Haram kyrkjelege fellesråd går derfor heller inn for alternativ 1, i punkt 18.7 i rapporten, som er å vidareføre dagens ordning.

For å vere konkrete, vil vi framheve to av problema knytt til overføring av gravferdsforvaltninga til det offentlege. Begge er nemnt i utgreiinga. Det eine gjeld bemanning. I dag er gravferdsforvaltninga ein del av verksemda til fellesrådet. Fleire tilsette i fellesrådet har oppgåver og arbeid knytt både til gravferdsverksemda og til andre delar av verksemda til fellesrådet. Dette er økonomisk gunstig og effektiviserer gravferdsverksemda. Det fører også til at ein kan ha større stillingar i fellesråda. Viss ein skal ta bort gravferdsverksemda frå fellesråda, må ein dele opp desse stillingane. Ein må både halde på dei tilsette i fellesråda (i mindre stillingar), og tilsette nye personar i kommunane. Dette vil utan tvil vere fordyrande i høve til dagens ordning.

Det andre gjeld eigedomsforholda for gravplassane. I Haram kommune er det 9 gravplassar. 6 av desse er direkte knytt opp til kyrkjer. Dette vil vere sameleis i mange kommunar i Norge. Korleis skal ein få til ei overføring av gravplassane til kommunen, medan kyrkja framleis skal vere eigd og forvalta av sokna? Kvar skal ein teikne grensa mellom kyrkje og gravplass? Skal kyrkjelyden søkje om vegrett inn til si eige kyrkje, gjennom gravplassen? Kven skal fikse vasslekkasjen og det tette kloakkrøret? Er det på kyrkja eller gravplassen si side problemet ligg? Høyrer parkeringsplassen til kyrkja eller gravplassen? Her vil ein utan tvil skape seg fleirfoldige problem som ein ikkje vil få om ein let ting vere som dei er.

Vi opplever at saka om overføring av gravferdsforvaltninga frå fellesråda til kommunen er meir ei meining om korleis ting burde vere, enn ei utgreiing om kva konsekvensar det faktisk vil få å overføre gravferdsforvaltninga på denne måten. Vi kan ikkje sjå at fleire av dei problemstillingane som naturleg vil melde seg ved ei slik overføring er drøfta på høveleg vis. Faktisk så står dette svart på kvitt i utgreiinga sjølv: «Utvalget vil, gitt den begrensede tid som utvalget har hatt for å besvare tilleggs materialet, ikkje gå nærmere inn på de praktiske konsekvensene knyttet til omleggingen.» Utan ei slik faktisk utgreiing av konsekvensar er innstillinga til utvalet lite meir enn eit politisk korrekt standpunkt.

For Haram kyrkjelege fellesråd


Jostein Garcia de Presno
Kyrkjeverje